

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
202316016

Vår ref.
23/5593 - 4

Dato
08.12.2023

HØYRINGSSVAR – FORSLAG TIL ENDRA METODE FOR FASTSETTING AV KOSTNADSNORMER

Vi viser til RME sitt høyringsdokument 2/2023 der RME foreslår å endre metode fastsetting av kostnadsnorm gjennom rekallibreringa.

Bakgrunn

Rekalibreringa korrigerer for at datagrunnlaget for inntektsramma er to år gamal. Det blir korrigert for avviket mellom faktisk kostnad i bransjen og kostnad dekkja i bransjen si inntektsramma same år. Avviket inkludert renter blir fordelt mellom alle selskap ut frå sin andel av avkastningsgrunnlaget.

Frå hausten 2021 har kraftmarknaden endra karakter der kraftpris og prisforskjell mellom ulike prisområde har auka. Det har oppstått ein deling av marknaden mellom sør og nord. Utanfor selskapa sin kontroll blir forbruksmønster og tap i nettet påverka som følge av dette. Ei gruppe med 24 selskap i midt og nord har påpeika bekymring for korleis dette påverkar inntektene til selskapa gjennom effektivitet og rekallibrering i reguleringsmodellen.

Vi vil berømme RME for raskt å ta tak i delar av denne problemstillinga gjennom denne høyringa. Samtidig nyttar vi høve til å påpeike at underliggende utfordring med korleis ulike og varierende marknadsforhold blir handtert i reguleringsmodellen ikkje er løyst. Vi oppmodar RME å ha fokus på dette i tida som kjem.

Bakgrunn

Eksisterande metode for rekallibrering føreset lik konkurranse og marknadsforhold i heile landet. Slik er det ikkje lenger, og vi trur heller ikkje det vil bli slik framover. Med endra metode blir ikkje avviket og hovudstolen lenger belasta/tildelt selskap som ikkje har bidratt til at avviket har oppstått. Dette vil redusere potten til fordeling betydeleg, og vil gi meir føreseieleg og stabil inntekt for selskapa og såleis også stabil nettleige. Det vil også gje meir pålitelege langtidsprognosar for selskapa. Rentene blir derimot fordelt som før. Difor er

dette eit steg i rett retning for å tilpasse reguleringsmodellen til nytt landskap, men ikkje ei fullgod løysing.

Tidlegare høyring

Dette forslaget har vore på høyring tidlegare, men fekk den gongen tommel ned frå bransjen. I dag er utgangspunkt for endringa noko anna, der det har oppstått ein delt marknad i landet. Det utfordrar føresetnaden om lik konkurranse og marknadsforhold for at eksisterande metode skal fungere.

Konklusjon

Linja støttar forslaget frå RME. Vi oppmodar samtidig RME til å følge nøye med på den underliggende utfordringa med ulike og varierende marknadsforhold og korleis desse påverkar inntektene til selskapa i reguleringsmodellen.

Venleg helsing
Linja AS

Alice Karina Eikås
Controller

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg